

Utklipp frå diverse malar knytt til seriøsitet i arbeidslivet (ledd i leverandørkjeda, lønns- og arbeidsvilkår mm)

Ledd i leverandørkjeda:

Utklipp frå mal for avtalevilkår som innkjøpstenesta nytter i sine konkurransar:

14 Bruk av underleverandørar

Ved eventuell bruk av underleverandør er det leverandør som er ansvarleg overfor oppdragsgjevar.

For bruk av underleverandørar i byggje- og anleggskontraktar over 2 mill eks mva og avtalar om reinhaldstenester over EØS-terskelverdi, er det eit krav om at leverandøren skal ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda. OBS: det er lov å godta fleire ledd i leverandørkjeda dersom det er naudsynt for å sikre tilstrekkelig konkurranse. Maksimal tal ledd skal i tilfelle gies opp [her](#).

Utklipp frå tilsvarande mal felles med Hordaland fylkeskommune fram til samanslåing:

3.1 Generelt

Leverandøren skal utføre Tenesta med den grad av fagleg dugleik som kan forventast av anerkjente Leverandørar innanfor tilsvarande eller liknande bransje. Tenesta skal vere i samsvar med krava i Kontrakten, vere av god kvalitet og eigna for det tiltenkte formålet.

Tenesta skal utførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Leverandøren skal innhente og oppretthalde alle naudsynte løyve i samband med utføringa av Tenesta, og skal på førespurnad frå Oppdragsgjevar leggje fram dokumentasjon på at naudsynte løyve ligg føre.

Leverandøren skal ikkje overlata delar av Tenesta til underleverandørar utan Oppdragsgjevar sitt skriftlege samtykke. Oppdragsgjevar kan berre nekte der det er sakleg grunn. Det same gjeld for utskifting av underleverandørar i avtaleperioden. Bruk av underleverandørar frittek ikkje Leverandøren for nokre plikter etter Kontrakten.


Berre aktuelt ved b&a og reinhaldarar:

Leverandøren kan ikkje ha fleire enn eitt ledd underleverandør i kjede under seg. Inneleige av personell vert rekna som eitt ledd. Oppdragsgjevar kan godta fleire ledd dersom det grunna uføresette eller spesielle omstende gjer det naudsynt for å få gjennomført kontraktsarbeida.

Oppdragsgjevar skal ikkje sjåast som arbeidsgjevar for Leverandøren sitt personell sjølv om slikt personell utfører Tenesta eller delar av denne i samarbeid med Oppdragsgjevar.

Om Kontrakten peikar ut nøkkelpersonell hos Leverandøren, skal utskifting av slikt personell godkjennast av Oppdragsgjevar. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn. Kostnad med opplæring av nytt personell skal dekkast av Leverandøren.

Leverandøren skal omgåande og for eigen kostnad sørgje for utskifting av personell som opptre på ein klanderverdig måte eller som sjåast som ueigna til å utføre tenester omfatta av Kontrakten.

 Siv Kristiansen
Oslo-modellen

Utklipp frå mal som byggje.- og eigedomstenesta nytter:

B 2.5 Val av kontraktsmedhjelparar

(10.1)

Arbeidet skal utførast av totalentreprenøren og deira tilsette i tenesteforhold, eventuelt av kontraktsmedhjelpar og deira tilsette, eller ved bruk av lovleg innleigd arbeidskraft.

Byggherren kan bestemme at avtale om underentreprisar med enkeltpersonforetak eller bruk av innleigd arbeidskraft skal godkjennast skriftleg av byggherren. Byggherrens godkjennelse endrar ikkje entreprenørens forpliktelsar ovanfor byggherren.

Totalentreprenøren kan ikkje, utan byggherrens skriftlege samtykke, ha fleire enn to ledd kontraktsmedhjelparar i kjeden under seg.

Totalentreprenøren skal til ein kvar tid kunne dokumentere at den **anvendte** arbeidskraft oppfyller kontraktens bestemmingar. Dokumentasjonsplikta omfattar også kontraktsmedhjelparen og deira personell.

Lønns- og arbeidsvilkår og andre avtalevilkår som har med sosial dumping

Utklipp frå mal for avtalevilkår som innkjøpstenesta nytter i sine konkurransar:

5 Sosial dumping

Dette punktet er påkravd tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar som verdt meir enn 2 millionar. Vurder om skal ha med for kjøp av lågare verdi.

Etter forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege avtalar gjeldande frå 1.3.2008 er det forbod mot sosial dumping i offentlege innkjøp, her under krav til arbeidsstandardar og forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakarane skal vere sikra normale lønns- og arbeidsvilkår. Dette gjeld også for arbeidstakarar hjå eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle avtalen.

På område dekkja av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal lønns- og arbeidsvilkår ver ei samsvar med gjeldande forskrifter.

På område som ikkje er dekkja av slik forskrift, skal lønns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Ved foresørsel skal leverandør og underleverandørar kunne dokumentere at krava er oppfylt. Dersom leverandør og/eller underleverandør ikkje kan dokumentere dette, kan dette ses på som vesentleg mislighald.

Tilsvarande i bygge- og eigedomstenesta:

B 2.25 Lønns- og arbeidsvilkår

Tilsette hjå totalentreprenøren/underentreprenørane/leverandøren/underleverandørane som direkte medverkar til å oppfylle kontrakta, skal ha følgande løns- og arbeidsvilkår:

- På område dekkja av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal løns- og arbeidsvilkår vere i samsvar med gjeldande forskrifter.
- På områder som ikkje er dekkja av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal løns- og arbeidsvilkår vere i **henhold** til gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Med løns- og arbeidsvilkår meinast i denne samanheng bestemmingar om minste arbeidstid, løn, **herunder** overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekking av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike bestemmingar følger av tariffavtala.

Totalentreprenøren/underentreprenørane/leverandøren/underleverandørane skal på førespurnad dokumentere at ovanfor nemnde krav til løns- og arbeidsvilkår er oppfylt.

Dersom totalentreprenøren/underentreprenørane/leverandøren/underleverandørane ikkje etterlev bestemmingane om løns- og arbeidsvilkår, har oppdragsgjevar rett til å halde tilbake delar av kontraktssummen til det er dokumentert at forholda er i orden. Summen som blir tilbakehalden skal svare til ca. 2 ganger innsparinga for arbeidsgjevar.

Begge einingane har i sine malar også klausular som dreier seg om sosialt ansvar, døme bygge- og eigedomstenesta:

B 2.26 Sosialt ansvar

Leverandøren skal respektere dei grunnleggjande krav til menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter og miljø.

Dei varer/produkter som leverandøren leverer, skal vere framstilt under forhold som er **forenlige** med dei krav som følger av dei til ein kvar tid gjeldande sentrale FN-konvensjonar og ILO-konvensjonar¹ og den gjeldande nasjonale arbeidsmiljølovgeving på produksjonsstaden.

Krava som følger av ovanfor nemnde regelverk, er minimumsstandarder. Der konvensjonar og nasjonale lover og reguleringar omhandlar same tema, skal den høgaste standarden alltid gjelde. Leverandøren er forplikta til å oppfylle krava under heile kontraktsperioden. Dersom leverandøren brukar underleverandørar til å gjennomføre heile eller delar av kontrakta, er leverandøren forplikta til å vidareføre dei same krava til underleverandørane og bidra til at dei etterlev krava. Det same gjeld underleverandørane.

Leverandøren skal på oppfordring kunne legge fram dokumentasjon på at krava er oppfylt.

Oppdragsgjevar **forbeholder** seg retten til å gjennomføre kjende eller ukjende kontrollar på produksjonsstaden i kontraktsperioden. Ved kontroll pliktar leverandøren å oppgje namn og kontaktopplysningar på dei aktørane i leverandørkjeden som oppdragsgjevar ynskjer å kontrollere.

Oppfyller ikkje leverandøren krava til sosialt ansvar i denne kontraktbestemminga, inneberer det kontraktbrot. Ved kontraktbrot pliktar leverandøren å rette opp i dei påpeikte manglane innan ein rimeleg frist som oppdragsgjevar fastset. Leverandøren skal dokumentere rettingane skriftleg på den måten oppdragsgjevar bestem.

Krav til lærlingar

Utklipp frå mal for avtalevilkår som innkjøpstenesta nyttar i sine konkurransar:

7 Lærling

Det er eit krav at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet i tenestekontraktar og kontraktar om bygg og anleggsarbeid. Kravet gjeld for kontraktar over 2.0 millionar og som varer over 3 månader.

Kravet kan oppfyllest av Leverandøren eller ein eller fleire av underleverandørane hans.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingkravet ved å bruke lærlingar som er tilknytt offentleg godkjent lærlingordning i Noreg eller tilsvarande ordning i anna EU/EØS- land.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere at krava er oppfylte.

Eller

Leverandør skal vere knytt til offentleg godkjent læreordning, eller ha til hensikt å bli knytt til ei slik ordning innan 2 år frå avtalesignering. Lærlingar skal nyttast i denne konkrete avtalen.